

Uskedalen oppvekstsenter-skule  
Verksemdsleiar Marie Elisabeth Kaldestad  
Uskedalsvegen 552,  
5463 Uskedalen

## **Årsmøtereferat for Uskedalen utvikling – 06.02.2013.**

Antal personar møtte på årsmøtet. Leiar Kristian Bringedal ynskte velkomen.

### ***Innkalling og sakliste.***

Det var ingen merknader til møteinnkalling og sakliste.

### ***Val av møteleiar og skrivar.***

Møteleiar – Kristian Bringedal.

Skrivar – Marie Elisabeth Kaldestad.

### ***Årsmelding frå styret og arbeidsgrupper.***

Gjennomgang av rapport – 2012 for uskedalen.no v/redaktør Ola Matti Mathisen. Den blei lese opp av redaktøren og var detaljert og innholdsrik. Tysdagskaffeèn Tiaren har hatt eit godt år i år og er ein viktig sosial møtestad i bygda. I tillegg er den ei viktig inntektskjelde for Uskedalen Utvikling. Årsmelding blei gjennomgått av Kristian Bringedal. Den blei samrøystes godkjent.

### ***Årskontigent og husleige Gamleskulen endra frå 2013.***

Årskontigenten blei endra til kr 250.-

Husleige Gamleskulen- Utleige laurdag og søndag kr 600.- pr døgn.

Utleige i vekedagar kr 350.-

### ***Vedtectsending.***

Vedtekter for Uskedalen utvikling blei gjennomgått. Det var ein merknad ved §7. Det var at saker som medlemene ynskjer å ta opp, skal vera meldt skriftleg til styret minst 1 veke før årsmøtet. Samrøystes vedteken.

### ***Rekneskap.***

Rekneskapsfører Alf Hjønnvåg orienterte om rekneskap og budsjett.

Rekneskapen var revidert av Leon Gundersen og funne i orden.

### ***Innkome forslag.***

Det var meldt inn to saker til årsmøtet. Desse var frå Zjakk frisør og Spar Uskedalen.

Uskedalen oppvekstsenter-skule  
Verksemdsleiar Marie Elisabeth Kaldestad  
Uskedalsvegen 552,  
5463 Uskedalen

Sak 1. Drøfting kring uttaleretten til Uskedal Utvikling. Kva skal ein uttala seg om og har ein rett til å uttala seg på vegne av medlemmar før dette vert teken opp i opne høyringar?

Mange uttala seg og kom med reaksjonar på utspelet frå Uskedalen Utvikling gjeldane skulestruktursaka tidlegare dette året. Ein blei samde om at det var viktig at organisasjonen uttala seg, men politiske saker skulle vera unnateke i uttaler. Uttaler skulle og ha fokus på tilhøve i bygda og vera varsom med uttaler som omhandlar andre bygder.

Sak 2. Ynskje om gangveg lang elva. Kan Uskedalen Utvikling arbeida med dette?

På årsmøtet blei det vedteke at arbeidet med gangveg langs eleva skulle inn i handlingsplanen.

#### **Val.**

##### *Leiar:*

Kristian Bringedal – 1 år

Jan Erik Olsson – ikkje på val.

Berit H. Døssland – 2 år

Finn Guddal – 1 år

Hans Ordin Østebø – 2 år.

##### *Vararepresentantar:*

Andreas Tarberg- 1år

Ragnvald Myklebust – 1 år

Henrik Lyse – vald for 1 år

Uskedalen 08.02.2013

Ref:

Marie Elisabeth Kaldestad